



Kviteseid, 25. februar 2015

## **Referat frå styremøte i styret for Betel onsdag 25. februar 2015 hos Sigrun L. Solvang**

### **Til stades:**

Oddvar Hægeland (2015-2017)  
Øystein Kvamme (2015-2016)  
Sigrid T. Lofstad (2015-2017)  
Sigrun Lønning Solvang (2015-2017)

Sigrun L. Solvang heldt opning over ein andakt frå Utsyn «Om byen som ikke kan skjules».

### **Sak 01/15: Konstituering/oppgåvefordeling i styret**

Styret samtalte om oppgåvefordeling/moglege modellar og situasjonen som har vore. I og med at ingen vil vere formell leiar, har styret har valt å fordele konkrete oppgåver på denne måten:

Sigrid T. Lofstad:	Kontaktperson (innad særleg inn mot sjelesorg), ansvar for bønemøta, representant for Diakoniutvalet i styret
Oddvar Hægeland:	Sekretær, ansvar for kommunikasjon og redaktøransvar for <a href="http://betelnett.no">betelnett.no</a>
Øystein Kvamme:	Praktisk mellommann mellom styret og Ove Solvang som er vaktmeister
Sigrun L. Solvang:	Møteansvarleg og sundagstreffmamma, Betels representant i fellesmøtekomitéen saman med Aslaug Tormodsvik

Det nye styret er opptatt å vere eit leiarskap sjølv om vi ikkje har ein formell leiar.

### **Sak 02/15: Stattuor og evt. føringar for styrearbeidet**

Kjem som sak også neste gong. Sigrid T. Lofstad vil finne desse fram og ta dei med til neste gong i samband med oppdatering av menighetsprotokollen.

### **Sak 03/15: Betel 75 år**

Styret set ned ein komité som får i mandat å planleggje og gjennomføre ei markering til hausten (oktober/november). Styret ønsker også, viss det er mogleg, ein skriftleg dokumentasjon over Betels arbeid sidan jubileumsfeiringa i 1990. I

komiteen er Sigrun L. Solvang styrets representant. Årsmøtet har tidlegare utpeikt Anlaug Solvang og Gunhild Berntsen til komitéen. Komitéen får fullmakt til å supplere med eitt medlem til. Evt. økonomiske rammer for jubileet og ulike markeringar vil styret kome tilbake til når komitéen har hatt sitt første møte. Sigrun L. Solvang tar kontakt for å få i stand første møte i komitéen.

**Sak 04/15: Bruk av overskotet**

Årsmøtet har bedt styret om å drøfte kva overskotet for 2014 skal brukast til. Styret ønsker å ha desse midla som reserve til ma. rampe i inngangspartiet og vedlikehaldsarbeid, jubileumsmarkering og evt. etablering av nytt arbeid/aktivitetar. Det er også planlagt innkjøp av ny talarstol.

Vedtak: Overskotet blir førebels ståande på konto til seinare bruk.

**Sak 05/15: Føringer for utleige av lokalet**

Styret kjem tilbake til denne saka også neste gong.

Etter oppussing har Betel blitt eit attraktivt lokale for utleige til mindre selskap. Styret har kome fram til følgande føringar:  
500 kroner for eitt døgn for medlemmar, 1000 for ikkje-medlemmar. Prisen inkluderer bruk av inventar, utstyr og straum. Den som leigar har ansvar for utvask. Alle arrangement skal vere røyk- og alkoholfrie.

Oddvar Hægeland får i oppgåve å lage eit utleigedokument i dialog med kasserar Ove Solvang til neste styremøte.

**Sak 06/15: Tiltak for å auke eigarforholdet til søndagstreffas innsamlingsprosjekt (Jacobs Hus)**

Forslag frå årsmøtet er å snakke meir om det på møta. Tone Fosse skal lage ein slags presentasjon som kan henge på bønerommet/leikerommet. Oddvar Hægeland får i oppdrag å skrive noko meir om prosjektet i malen for søndagstreffa.

**Sak 07/15: Samtale om arbeidet på Betel og visjonar om vekst**

Korleis nå unge vaksne som ikkje har born? Songmøter av ulike slag, temakvelder? Bruke lovsongsbandet frå fredagsklubben, Det er mange ressuarsar i menigheten. Styret kjem til å ha dette som fast sak på kvart styremøte framover.

**Sak 08/15: Eventuelt**

- Tid og stad for styremøta i vårterminen:  
Betel kl. 1830 onsdagane 25/3, 29/4 og 10/6.
- Ove Lofstad held fram med ansvar for annonsering.

Neste styremøte er onsdag 25/3. Oddvar Hægeland har opning.

*Ref. Oddvar Hægeland*